



BRØDRENE HJØNNEVÅG AS
v/Marit Hjønnenvåg
Børnes
5463 USKEDALEN

Saksbehandlar, innvalstelefon

Arnt Erik Nordheim, 57 64 31 91

Kvinnherad kommune - gbnr. 134/85, Børnes. Opparbeiding av industriområde

Vi viser til oversending av klagesak frå Kvinnherad kommune, motteken her den 20.06.2022. Klagen er rettidig, og vilkåra for å handsame saka er oppfylte. Statsforvaltaren beklagar den lange sakshandsamingstida, og ulempene dette måtte ha medført.

Vedtak

Statsforvaltaren i Vestland stadfestar Kvinnherad kommune sitt vedtak av 09.03.2022, sak 2022/1032-2, om løyve til tomteplanering av inntil 30 817 m³ fjellmasse på gbnr. 134/85.

Bakgrunn for saka

Den 20.09.2021 søkte Prosjekt Konsult Kvinnherad AS, på vegne av Eidsvik & Selstad Eigedom AS, om utsprenging av ca. 30 000 m³ fast fjell og planering av industriområde på gbnr. 134/85. Eigedomen gbnr. 134/85 er del av område regulert for industriformål,¹ og som er avsett til næring i kommuneplanen for Kvinnherad (2016-2026). Området er under omregulering, jf. utkast til offentlig ettersyn datert 09.06.2020.²

Kommunen har tidlegare gitt løyve til utsprenging av om lag 9 500 m³ på gbnr. 134/85 (fase éin). Av dei massane som no skal takast ut i fase to, vil om lag 20-25 % bli nytta til opparbeidinga og massebalanse på industritomta. Overskotsmassane vil elles kunne nyttast som byggeråstoff i nærområdet. Søkaren viste til at det var stor etterspørsel etter byggeråstoff (skotstein) lokalt. Søkaren la til grunn at uttak ifm. opparbeiding av tomt fell utanfor verkeområdet for minerallova. Melding om uttak og steinknusing ville i staden bli meldt på eige meldingsskjema til Statsforvaltaren v/ureining.

¹ Eldre reguleringsplan for Børnes Industriområde, PlanID: 4617_19780007, i kraft 06.02.1978.

² Vår ref. 2019/14081(SFVL v/planseksjonen).



Det var elles opplyst at knusinga på staden skulle gjennomførast i tråd med forureiningsforskrifta kap. 30. Forureiningsforskrifta kapittel 30 regulerer produksjon av byggeråstoff som pukk, grus, sand og singel, og krav til slik verksemd (stasjonære og mobile knuseverk mv.).³

Som nabo på gbnr. 134/63 kom de med merknader til tiltaket. Primært gjorde de gjeldande at verksemda burde avvente vedtak av ny reguleringsplan for Børnes (note 2). De etterlyste elles tidsplan/driftstider, peika på støv- og støyulemper, og på trafikale utfordringar ved tilkomst til området. I tillegg peika de på at det i dag er regulert grøntområde/park, innanfor det området som det var søkt om å opparbeide. Dette må bevarast.

Kvinnherad kommune gav løyve til tiltaket 09.03.2022. Løyvet gjeld for tomteplanering av inntil 30 817 m³ fjellmasse i samsvar med innsendte snitt og situasjonsplan datert 21.09.2021. Planeringa blei sett til kote +8. Kommunen stilte seg positiv til næringsutvikling og tilrettelegging av areal i samsvar med gjeldande plan, men at det måtte fastsettast tidsrom for sprenging og knusing. Dette, i tillegg til plan for massebalanse, lagring og transport, meinte kommunen kunne fastsettast i vilkår om framdriftsplan for arbeidet. Følgjande vilkår vart sett for løyvet:

- 1. Det skal i perioden med knusing av stein takast særleg omsyn til nærliggjande bedrifter, slik at det fører til minst mogleg ulempe i høve til støy og støv frå aktiviteten på eigedommen.
Det må lagast ein framdriftsplan:*
 - a: som viser at sprenging og knusing skal skje innanfor eit nærare avgrensa tidsrom*
 - b: storleik på uttak, mengde for kva som skal knusast på staden, nærare mengde for bortkjøring og kva som skal nyttast eller eventuelt lagrast på staden.*
 - c: Risikovurdering og arbeidsvarslingsplan for trafikktilhøva*
- 2. Naboar/gjenbuvarar må informerst ved oppstart og forventa avslutning i samsvar med framdriftsplanen.*
- 3. Innmåling av ytterkant ferdig tomteplanering må sendes inn når tiltaket er ferdig.*

Eidsvik & Selstad Eigedom AS sende inn «Massehåndteringsplan» til kommunen 30.03.03. I notatet vart det opplyst at masse som skal knusast og nyttast på staden utgjer om lag 7 500 m³. Volumet kan auke dersom fleire av eigedomane i industrifeltet skal opparbeidast. For resterande massar er det lista opp ulike lokale entreprenørar som har behov for byggeråstoff i ulike prosjekt. Tidsplan for uttaket er ifølge massehandteringsplanen inntil 2 år frå oppstart.

Statsforvaltaren tek med at Direktoratet for mineralforvaltning fekk søknaden til høyring, men at endeleg fråsegn ikkje låg føre før kommunen gav løyve. I etterfølgjande brev har direktoratet lagt til grunn at opparbeiding av industriområdet hovudsakeleg er til andre formål enn kommersiell drift som masseuttak. Tiltaket fell derfor utanfor minerallova i sin heilskap, jf. mineral. § 3, og er følgeleg ikkje konsesjonspliktig.

Klagen

De klaga rettidig på kommunen sitt vedtak 08.04.2022, etter å ha fått melding om løyvet 23.03.2022. Det kom også fleire klager frå bebuvarar i området rundt, men kommunen vurderte det slik at bebuvarane ikkje hadde rettsleg klageinteresse, jf. forvaltningslova § 28.

³ [Forskrift om begrensning av forurensning \(forurensningsforskriften\) - Kapittel 30.](#)



For det første meiner de det er feil at kommunen gav løyve før direktoratet si endelege tilbakemelding. De ber også om ei ny vurdering etter minerallova. I omtalen for pågåande planarbeid går det mellom anna fram at det er tenkt å sprengje ut totalt ca. 117 000 m³ fast fjell i planområdet. Fase ein og to altså berre ein liten del av heilskapen, og som de meiner samla sett må komme inn under minerallova.

Støv- og støymålingane som er lagt fram i saka er utført av tiltakshavaren sjølv, og ifølge klagen ikkje i samsvar med gjeldande krav. Brødrene Hjørnevåg AS forventar at det vert utført nye, godkjente støv- og støymålingar.

De viser til at kommersiell knusing, lagring og transport av stein gjev heilt andre utfordringar enn alminneleg sprenging ifm. sjølvve tomteplaneringa. Belastninga vil i dette tilfellet vere uakseptabel for verksemda dykkar. I fase éin tillét ikkje kommunen noko knusing på staden. De stiller spørsmål ved kvifor kommunen har gått bort frå dette i fase to, no som tiltaket er vesentleg større. Slik de ser det, ville den nye reguleringa for Børnes Industriområde gitt gode føringar for arealutviklinga på alle plan. Det er derfor beklageleg har kommunen ikkje har gjort nytt planvedtak enno.

Statsforvaltaren viser elles til klagen i sin heilskap.

Tiltakshavaren kom med tilsvar til klagen 04.05.2022. Tiltakshavaren meiner at det er gjort tilstrekkelege avbøtande tiltak, og at krava til ytre miljø er ivaretekne. Eidsvik & Selstad Eigedom AS held fast ved at arbeidet vil skje iht. krava i ureiningsforskrifta kapittel 30. Miljødirektoratet sine terskelverdiar for støy vil bli haldne, ifølge tiltakshavaren med god margin.

Kvinnherad kommune v/ har vurdert klagen dykkar i møte 01.06.2022, men fann ikkje grunn til å ta klagen til følgje. Grunnen til at kommunen no opnar for knusing på staden, er at ein vurderer denne delen som godt regulert gjennom føresegnene i forureiningsforskrifta kapittel 30.

Regelverk

Statsforvaltaren er delegert myndigheit til å avgjere klager som gjeld enkeltvedtak etter plan- og bygningslova, sjå pbl. § 1-9 og rundskriv T-2/09 frå Kommunal- og distriktsdepartementet. Statsforvaltaren kan prøve alle sider ved vedtaket, også dei skjønnsmessige vurderingane som kommunen har gjort, jf. fvl. § 34. Ved prøving av saker undergitt fritt skjønn, skal Statsforvaltaren leggje stor vekt på omsynet til det lokale sjølvstyret.

Kommunen skal gi løyve til tiltak som ikkje er i strid med føresegner gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. plan- og bygningslova § 21-4 første ledd. Tiltaket som er i strid med plan eller føresegner i plan- og bygningslova, kan berre godkjennast dersom det samstundes vert dispensert frå føresegna tiltaket strid mot, jf. plan- og bygningslova kapittel 19.

I og i tilknytning til bustadområde kan kommunen stille særskilte krav til byggverk eller verksemder som kan medføre fare eller særlege ulemper, jf. plan- og bygningslova § 30-2.

Bygningsstyresmaktene skal samordne handsaminga si med andre styresmakter der det følgjer av lova. Dette gjeld mellom anna for bergverks- og forureiningsstyresmaktene, jf. plan- og bygningslova § 21-5 og forskrift om byggesak (SAK10) § 6-2 bokstav f og n.



Statsforvaltaren si vurdering

Vi kommenterer først at av klagen frå bebuarane i området er avviste. Etter det vi kan sjå er avstanden frå knusing til næraste fritidsbustad ca. 100 meter, medan avstanden til næraste heilårsbustad er ca. 140 meter. Dei fleste eigedomane som har protestert mot tiltaket, ligg ifølgje kommunen mellom 300 og 400 meter frå ytterkanten på gbnr. 134/85.

Statsforvaltaren peiker på at sjølv om avstanden er stor, og klagarane ikkje har direkte grense mot verksemda, lyt klageretten ta utgangspunkt i det området som kan bli påverka av tiltaket (det såkalla influensområdet). Kommunen har her vist til at det er krav om støymåling ved mindre enn 200 meters avstand, jf. forureiningsforskrifta § 30-9, og at terskelverdiane i § 30-7 gjeld. Vi har ikkje avgjerande merknader til dette, eller til den avgrensinga kommunen har gjort. Statsforvaltaren har også høve til å ta stilling til dei same ulempene (støv og støy) gjennom klagen som ligg føre frå dykk.

Vi går no vidare til sjølve klagen. Utgangspunktet for kommunen si byggesakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-4, jf. § 12-4. Av føresegna i § 12-4 følgjer det at den vedtekne reguleringsplanen – i dette tilfellet plan 19780007 frå 1978 – er bindande for nye eller utviding av eksisterande tiltak. I forlenginga av dette følgjer det at det pågåande planarbeidet på Børnes, ikkje har noko avgjerande vekt ved den løpande byggesaksbehandlinga, når denne skjer med heimel i gjeldande plan, jf. § 12-4 tredje avsnitt.

Kommunen kan velje å gje mellombels forbod etter PBL kapittel 13, dersom dei til dømes kjem til at ein plan har utilsikta verknader, eller at området av andre grunnar bør planleggast på nytt. Dette er ikkje gjort på Børnes. Kommunen har då plikt til å avgjere søknaden etter lov- og plangrunnlaget som gjaldt på vedtakstidspunktet for løyvet, jf. plan- og bygningslova § 21-7 femte avsnitt. Dersom tiltaket ikkje er i strid med føresegner i eller i medhald av plan- og bygningslova ved utløpet av denne fristen, skal søknaden godkjennast.

Vi kan ikkje sjå at tiltaket er i strid med reguleringa frå 1978. Med unntak av det regulerte parkområdet på gbnr. 134/85 er det heller ikkje hevda at det ligg føre nokon slik konflikt. Når det gjeld parkområdet, følgjer det av føresegnene frå 1978 at grøntområde skal «*opparbeidast parkmessig*» (§ 8). Nedsprenging og planering av tomte er ikkje til hinder for slik etablering, dersom det framleis skulle vere aktuelt etter vedtak av ny plan. Tiltaket er ikkje i strid med gjeldande plan.

Vidare er spørsmålet om andre føresegner i eller i medhald av plan- og bygningslova gjeld for tiltaket. Statsforvaltaren viser her til at byggjehøgda ikkje er fastsett i planen, og at det då vert opp til kommunen sjølv å «godkjenne» høgdeplassinga av tiltaket, jf. pbl. § 29-4 første setning. Føresegna gjeld tilsvarande for terrenginngrep så langt det passar, jf. § 30-4. Vi har ikkje merknader til kommunen sitt skjøn om å godkjenne planering til kote +8.

Det er elles eit krav at byggegrunnen skal vere sikker, og at tiltaket skal vere verna mot «*vesentlig ulempe som følgje av natur- eller miljøforhold*», sjå pbl. § 28-1. Kravet gjeld tilsvarande for naboiegdomar og andre som vert utsett for slike ulemper, som følgje av tiltaket, jf. andre setning i same føresegn. Føresegna gjev heimel for å krevje støyfaglege utgreiingar i spesielle tilfelle – dersom det er grunn til å tru at nabo mv. kan bli utsett for «vesentlig [miljø]ulempe». Menneskeskapte ulemper, medrekna anleggsstøy, er omfatta av føresegna. Det må likevel truleg betydelege ulemper til, før graden av sjenanse mv. overstig det alminnelege.⁴ Slik vi oppfattar klagen, meiner de at kommunen i alle høve måtte fastsett slike krav i løyvet, dersom planeringa skal finne stad.

⁴ Jf. m.a. [retteiar «Utbygging i fareområder» frå DIBK, pkt. 2.5.](#)



Ved anleggsstøy er det ikkje gitt faste krav i eller i medhald av plan- og bygningslova. Ved vurdering av eventuelle særlege vilkår, jf. §§ 28-1 og 30-2, er det likevel relevant å sjå hen til dei rettleiande terskelverdiane i støyretningslinje T-1442/2021 pkt. 6.1.⁵ Det er også relevant å sjå hen til støyføresegnene som kommunen sjølv har føreslege i utkastet til ny reguleringsplan § 2.4 flg. Desse føresegnene er rett nok innretta for permanente verksemder. Det føreslegne terskelverdiane er følgjeleg noko strengare enn i støyretningslinje T-1442 kap. 6.

Slik plansituasjonen er i dag, er terskelverdiane i T-1442 og planutkastet rettleiande. Det blir då opp til kommunen sitt skjønn om det er nødvendig med særskilte krav, med heimel i pbl. § 30-2, ved sidan eller i tillegg til det som følgjer av anna lovverk. Når særskilte vilkår ikkje er stilt, blir det opp til tiltakshavaren sjølv å syte for tilstrekkelege sikringstiltak på bygge- og anleggsplassen, jf. plan- og bygningslova § 28-2. Lovføresegna opnar også for at kommunen kan føre tilsyn, jf. kap. 25, og om nødvendig gje pålegg om sikting eller avbøtande tiltak. Ut frå dette kan vi ikkje sjå at kommunen si sakshandsaming har vore uforsvarleg, eller at løyvet er ugyldig på grunn av manglande støv- og støyførebygging. Ved behov er det mogleg å følgje opp tiltaket gjennom tilsyn som nemnt.

Når det gjeld særlovene, er forholdet mellom bygningsstyresmakta (kommunen) og andre styresmakter regulert av plan- og bygningslova § 21-5. Dersom tiltaket krev løyve eller særskilt fråsegn frå andre styresmakter, skal kommunen legge saka fram for desse. Dersom det ikkje er krav om løyve eller samtykke frå vedkommande styresmakt, kan kommunen gje løyve når høyringsfristen (4 veker) er ute. I andre tilfelle kan kommunen gje løyve på vilkår, jf. § 21-4 tredje avsnitt. Vi går ikkje inn på det siste.

I denne saka har bergverksstyresmaktene v/Direktoratet for minerelforvaltning konkludert med at tiltaket ikkje er omfatta av minerallova. Bygningsstyresmaktene, korkje ved kommunen eller Statsforvaltaren, har noko overprøving av Direktoratet på dette punktet. Dersom de framleis meiner at det er grunnlag for å vurdere dette på nytt, eller at vurderinga er feil, lyt ein slik førespurnad eventuelt stilast til direktoratet som rette styresmakt. Statsforvaltaren har med dette ikkje teke stilling til forholdet, utover å konstatere at minerallova etter fagmyndigheita si vurdering, ikkje var til hinder for at kommunen kunne gje løyve.

Uavhengig av konsesjonsplikt for uttak gjeld føresegnene i forureiningsforskrifta kapittel 30. Regelverket vert forvalta av Statsforvaltaren v/seksjon for ureining. Forureiningsstyresmaktene kan i spesielle tilfelle sette krav om særskilt løyve, jf. forskrifta § 30-2. Forskrifta set elles krav om melding før oppstart, støyvurdering og -kartlegging ved støyfølsam arealbruk nærare enn 200 meter, måling av støvnedfall med mindre enn 500 meter avstand, og om terskelverdiar for støv og støy.⁶

Statsforvaltaren v/ureining har også myndigheit til å føre tilsyn med verksemder etter forskrifta. Forureiningsstyresmaktene kan også gjere unntak frå reglane i kap. 30, altså sette *strengare* krav enn forskrifta, om dette er nødvendig. For eventuelle oppfølgingsspørsmål om handsaminga etter forureiningsloverket, viser vil til Statsforvaltaren v/seksjon for ureining (vår ref. 2021/525).

Oppsummert er vårt syn at dei forholda som de tek opp i klagen, vil kunne følgjast opp i medhald av forureiningsloverket, så langt det er grunnlag for det. Ut frå dette kan vi ikkje sjå at det er grunnlag for å kritisere sakshandsaminga til kommunen, at det var påkravd frå kommunen å sette ytterlegare vilkår, eller at vedtaket av andre grunnar er ugyldig.

⁵ [Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging \(T-1442/2021\)](#)

⁶ Sjå FOR-2004-06-01-931 (note 3) § 30-11, jf. § 30-9, og §§ 30-5 og 30-7 mfl. Nærare rettleiing til er m.a. gitt i rettleiar [M-1136 frå Miljødirektoratet \(Miljøveileder for pukkverk, 2018\)](#).



Etter dette kan klagen ikkje føre fram, og vi har derfor stadfesta det kommunale vedtaket 09.03.2022

Vedtaket på side 1 er endeleg og kan ikkje klagast vidare, jf. forvaltningslova § 28 tredje avsnitt.

Andre forhold. Avsluttande merknad

Avslutningsvis har de stilt spørsmål om det er krav om særskilt løyve til lagring/deponering av massar, og om tiltakshavaren har løyve til slik lagring på gbnr. 134/85.

Til dette kommenterer vi at mellombelse tiltak og plasseringar (varigheit inntil 2 år), ikkje er omfatta av rettsverknaden for arealplanar, men at dei må oppfylle tilsvarande krav i plan- og bygningslova § 30-5. Mellombelse plasseringar inntil to månader er normalt unnateke søknadsplikt⁷, medan det er krav om løyve for lagring og deponering inntil to år, jf. § 20-4 bokstav c. Plassering utover to år vert rekna som like med permanente terrenginngrep etter § 20-1.

Kor vidt det er krav om særskilt løyve i denne saka, må tolkast ut frå det løyvet som allereie er gitt. Det blir eventuelt opp til Kvinnherad kommune, som lokal styresmakt, å følgje opp tiltaket dersom dei kjem til at verksemda, eller deler av denne, utløyser krav om ytterlegare handsaming etter plan- og bygningslova.

Dersom de eller andre framleis meiner at støv eller støyforholda på gbnr. 134/85 kan vere helseskadelege, eller tiltaket av andre grunnar kan gje direkte eller indirekte negativ helsepåverknad, kan de eventuelt be kommunelegen om å følgje opp saka etter reglane for miljøretta helsevern, jf. folkehelselova kapittel 3.

Etter folkehelselova kapittel 4 skal kommunen bidra til å verne innbyggjarane mot faktorar som kan ha negativ helsepåverknad. Dersom de eller andre bed kommunen gje nokon eit pålegg om konsekvensutgreiing, retting eller stansing av verksemd, er avgjerda enkeltvedtak sjølv om pålegg ikkje blir gitt, jf. forskrift om miljøretta helsevern § 16. Statsforvaltaren v/fylkeslegen er klageinstans for vedtak gjort av kommunen i medhald av folkehelselova kapittel 3.

Dette til orientering.

Med helsing

Anne-Kjersti Sande
fagdirektør

Arnt Erik Nordheim
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

KVINNHERAD KOMMUNE
EIDSVIK & SELSTAD EIGEDOM AS

Rosendalsvegen 10
Børnes 4

5470 ROSENDAL
5463 USKEDALEN

⁷ PBL § 20-5 tredje avsnitt, siste setning.



PROSJEKT KONSULT KVINNHERAD AS

Stabburshaugen 5

5460

HUSNES